



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Rapport frå inspeksjon ved Henrik Rosenlid Kontrollnummer 2023.263.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Henrik Rosenlid

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*  
Gøsta Hagenlund  
Åsmund Skancke Karlsnes

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved verksemda Henrik Rosenlid den 24.10.2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har ikkje kartlagt alle utslepp av mogleg forureining til vatn
2. Alle tilsette er ikkje sertifisert for arbeid med fluorhaldig gass på kjøleanlegg
3. Rutine for lagring av farleg avfall omtalar lagring som er uforsvarleg

Merknad:

1. Verksemda må sikre at ved eksport av avfall må alle pålagt dokumentasjon følgje med sendinga

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt frå side 3.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

Gøsta Hagenlund  
Sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Henrik Rosenlid	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 987 362 529	<b>Eigd av:</b> 987 337 257

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Henrik Rosenlid, anlegg for kasserte køyretøy	<b>Anleggsnr.:</b> 4651.0046.01
<b>Kommune:</b> Stryn	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Løyve gitt:</b> 28.11.2005	<b>Sist endra:</b> 25.9.2020

Verksemda er eit enkeltmannsføretak som tek imot kasserte køyretøy for miljøsanering (fjerning av farlege stoff og demontering, ombruk eller gjenvinning av delar). Verksemda har deltidstilsette personar.

## Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for kasserte køyretøy i 2023.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Prosess og reinseutstyr
- Vilkår i løyve
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda Henrik Rosenlid pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan 1.2.2024 sender ei

skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde. Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de merker svarbrev eller e-post ([sfvlpost@Statsforvaltaren.no](mailto:sfvlpost@Statsforvaltaren.no)) med saksnummeret som står øvst på første side.

## Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 24.10.2024. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må Henrik Rosenlid betale eit gebyr på kr 22 500,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

## Avvik

Vi fann følgande avvik frå forureiningsregelverket under inspeksjonen:

### **Avvik 1. Verksemda har ikkje kartlagt alle utslepp av mogleg forureining til vatn**

Avvik frå: Løyve datert 20.9.20, pkt. 11.1 og 14, jf. pkt. 2.1 og liste i vedlegg 1

#### Kommentarar til regelverket:

Verksemda kan ikkje sleppe ut prioriterte miljøgifter utan at det er uttrykkeleg regulert i vilkår til løyvet. Verksemda som handterer avfall frå kasserte køyretøy er venta å kunne ha mindre mengder prioriterte miljøgifter i avløpsvatnet. Nødvendige utslepp av slike stoff vil verte regulert i løyvet når kunnskapsgrunlaget for typar og konsentrasjonar er tilstrekkeleg kartlagt.

#### Avviket er basert på følgande observasjonar:

Verksemda kunne ikkje leggje fram dokumentasjon på innhald av og konsentrasjon av forureining i avløpsvatnet. Observasjonen gjeld ikkje utslepp av olje frå oljeutskiljar.

## **Avvik 2. Alle tilsette er ikkje sertifisert for arbeid med fluorhaldig gass på kjøleanlegg**

Avvik frå: Produktkontrollforskrifta kap. 6a, jf. EU forordning 517/2014 artikkel 8-3, 3.ledd

### Kommentarar til regelverket:

Berre personar som har godkjent sertifiseringsbevis kan handtere slike gassar.

### Avviket er basert på følgande observasjonar:

Tilsette personar har ikkje Sertifiseringsbevis. Køyretøy vert miljøsanert utan at person med sertifikat er til stades. Det er såleis risiko for handtering av kjøleanlegg i strid med gjeldande kompetansereglar.

## **Avvik 3. Rutine for lagring av farleg avfall omtalar lagring som er uforsvarleg**

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 11-5, jf. omtale i vedlegg 4 pkt. 1

### Kommentarar til regelverket:

Omtalen av krav til «forsvarleg» i § 11-5 vil seie at slikt avfall må lagrast inne eller på annan måte sikre at lagerplassen har særleg vern mot ytre påverknad og klima, sikring mot uvedkommande/dyr/barn, det er ryddig og at avfallet er godt merkt og emballert.

### Avviket er basert på følgande observasjonar:

Verksemnda har ei rutine for handtering av farleg avfall som omtalar at hovudregelen er at farleg avfall skal lagrast ute. I praksis fann inspeksjonen ikkje at avfallet var lagra, sikra eller merkt uforsvarleg. Verksemnda må gå gjennom rutina og endre ordlyden så den samsvarar med krava til forsvarleg lagring.

## **Merknader**

Vi gav følgande merknad under inspeksjonen:

### **Merknad 1 Verksemnda må sikre at ved eksport av avfall må alle pålagt dokumentasjon følgje med sendinga**

#### Kommentarar:

Verksemnda har eksportert katalysatoravfall og kunne leggje fram tolldokument. Katalysatorar kan vere både farleg avfall og ordinært avfall. I nokre tilfelle kan katalysator også verte gjenbrukt som produkt.

Generelt gjeld: Ved eksport av avfall skal ein som hovudregel hente inn samtykke frå Miljødirektoratet og frå tilsvarande styresmakt i mottakarlandet (i tillegg til tollklareringa). Det er unnatak for såkalla «grønlista avfall». Dersom avfallet som skal eksporterast er farleg avfall må ein i tillegg til samtykkedokumentet sende med eit Følgedokument for meldepliktig avfall.

Miljødirektoratet kan rettleie, sjå meir på

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/for-naringsliv/eksportere-avfall-brukte-produkter/> . Verksemnda må sikre at ved eventuell framtidig direkte eksport av avfall, må all dokumentasjon følgje med, og vere tilgjengeleg for kontroll.

## Andre tilhøve

### Omtale av pkt. 8 i løyvet om energileiing

Verksemda har spurt om råd til å forstå kravet. Kravet om eit «system for energileiing» i pkt. 8 i løyvet gjeld alle aktivitetar, areal, bygningar, maskinar m.m. som krev energi for normal funksjon. I større verksemdar må systemet byggje på Norsk Standard (NS 50 001). Både standarden og rettleiingsmateriale er tilgjengeleg på nettsider. Hjelp kan også finnast på andre skandinaviske nettstader som til dømes frå Dansk Standard.

Verksemda må sjølv avgjere om de ønskjer å bruke ekstern hjelp for å etablere eit system for energileiing, eller gjere vurderingar og eventuelle tiltak sjølv. Leiing og tilsette kan mellom anna identifisere alle element som krev energi, og vurdere om og korleis dess kan verke/drivast mest mogleg effektivt. I dialogen omkring spørsmålet vart mellom anna nemnd styring av lyskjelder, innebygging og isolasjon, vurdering av tomgangskøyring og interne transportavstandar, utskifting til meir energieffektive element.

### Oversikt over generert farleg avfall

Framlagt dokumentasjon og synfaring på området viste at verksemda har god oversikt over farleg avfall som oppstår frå miljøsanering av kasserte køyretøy.

## Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Produktkontrollforskrifta kap. 6a, jf. EU forordning 517/2014 art. 8-3, 3.ledd
- Løyve til Henrik Rosenlid datert 20.9.20

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Utskrift frå avfallsdeklarering.no og årsrapport 2022 over avfall
- Rutine for handtering av farleg avfall
- Døme på analyse av olje frå oljeutskiljar

## Informasjon til verksemda

Regelverk vi informerte om:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

### **Mottakarliste:**

HENRIK ROSENID	Rosenlid	6795	BLAKSÆTER
HENRIK ROSENID	Rosenlid	6795	BLAKSÆTER